

NÅ BÅTHAMN

PLANOMTALE

Datert

30.11.21

rev. 27.05.24



Ullensvang kommune
NÅ, gnr. 155, bnr. 19, mfl.
NÅ BÅTHAMN
Arealplan-ID 46182020008

Innhald

1. Samandrag og nøkkelopplysningar	s. 3
2. Bakgrunn	s. 3
3. Planområdet – dagens tilstand	s. 4
4. Planstatus og rammebetingelser	s. 19
5. Beskriving av planforslaget	s. 22
6. Planprosess og medverknad	s. 39
7. Konsekvensutgreiing	s. 40
8. Verknader og konsekvensar av planforslaget	s. 41
9. Avsluttande kommentarar	s. 49

FORSLAG

1 Samandrag og nøkkelopplysingar

1.1 Samandrag

Planforslaget er utarbeida av FAVN LPO arkitekter AS på oppdrag av Naa Båtlag, og inneber etablering av småbåthamn i sjø, samt bygg for servering og overnatting på eksisterande kai.

Området er sett av for Friluftsområde og utløyser dermed krav om konsekvensutgreiing.

1.2 Nøkkelopplysingar

Stad:	NÅ	Gards- og bruksnummer:	155/19
Gardsnamn/adresse:			
Forslagsstiller:	Naa Båtlag v/Joakim Måkestad	Plankonsulent:	FAVN LPO arkitekter AS
Sentrale grunneigarar:	158/3: Naa Eiendom AS 158/19: Ullensvang kommune 158/1: Torleiv Naa Helle		
Planens hovudføremål:	Småbåthamn, næring	Planområdets storleik:	Ca. 7 dekar
Nytt bruksareal / Mengde nye bu-einingar:	Båthamn		
Varsel om innvending:	Ja/Nei	Konsekvensutgreiingsplikt:	Ja
Kunngjort byrjing:	11.11.2020	Offentlig ettersyn:	dd.mm.åååå
Problemstillingar:	Skredfare, følgjer for miljø og samfunn Flomfare, følgjer for miljø og samfunn		

2 Bakgrunn

2.1 Bakgrunn for planarbeidet

Naa båtlag ynskjer å skipe eit betongbryggeanlegg ved Friområdet (Fri 02), som i dag nyttast til badeplass og rekreasjonsområde. Kommunen har avslått søknad og oppmodar til å regulere om området.

Grunnlaget for avslag frå kommunen samsvarar med vedtak i reguleringsplanen som seier: «Friområdet – Området inneheld strandsone til offentleg rekreasjon. Det kan ikkje gjerast tiltak i området, som gjer den offentlege bruken ringare (forverret).»

FAVN LPO arkitekter AS er engasjert av Naa båtlag for endring av reguleringsplan for gnr.155 bnr.19.

2.2 Hensikten med planforslaget

Forslagsstillar **Naa Båtlag** ynskjer å starte detaljregulering for Naa Båthamn. Planområdet har ein storleik på ca. 7 daa og ligg ved Naa sentrum. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for etablering av småbåthamn i sjø for opptil 40 båtar, samt bygg for servering, overnatting, informasjon/siderhus på eksisterande kai, utvikling av kaiområdet og å gjere området meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta.

Planarbeidet er unntatt planprogram, men utløyser krav om konsekvensutgreiing.

3 Planområdet – dagens tilstand

Nå er ei bygd på vestsida av Sørfjorden, som er ein fjordarm frå Hardangerfjorden i Ullensvang kommune, i Vestland fylke. Nå ligg 22 km nord for Odda og 22 km sør for Utne, mellom Kambastad og Åkre. I Nå sentrum er det ei blanding av ulike bygg, både eldre og nyare, med hovudtilkomst via fylkesveg 550 frå nord og sør. Nå sentrum har daglegvarebutikk, samfunnshus, skule med meir og er direkte tilknytt sjøen med kaianlegg og badeplass. Langs strandlinja, i nordleg og sørleg retning, er det oppført ei rekke naust og private båtplassar for eit mindretal båtar. Ved busstoppet i Nå sentrum er det etablert parkanlegg og rasteplass. Her er det god parkeringsdekning og flott utsikt over fjorden. I samband med parkanlegget er det opparbeidd rekreasjonsområde med sandstrand og flytebrygge som i dag er regulert til friområde. Reguleringsendring gjeld ein del av dagens friområde og utviding av planområde i sjø, til skipnad av småbåthamn. Plangrensa går i dag i vasskanten. Det er ikkje lagt opp til å etablere bygningar i Fri02. Det er ein sterk tanke med etablering av båthamn at lokalsamfunnet skal styrkast. Båthamna skal organiserast som eit grannelag. Plassering og utforming må sjølvstøtt gjerast slik at funksjonar i lokalsamfunnet vert rikare og dreg nytte av det, og at negative konsekvensar vert minimert.



Figur 1: Planområdet Nå Båthavn.

3.1 Stad og avgrensing

Båthamna vil liggje ved Nå sentrum, mellom badestranda og den gamle skipskaia.

Nede på kaia finn vi i dag stort sett lagerbygningar, men planane er å skape eit senter for mat og kultur, oppleving og fritid. Oppe i vegen, Fjordavegen, fins det daglegvarebutikk, frisør og fruktlager med meir. På vestsida av Fjordavegen ligg Vikebygd skule, med SFO. Skulen ligg idyllisk til i skråninga over Nå sentrum. Skuleplassen består av ein nyleg opprusta ballbinge, ein del leikeapparat, samt fleire spel og aktivitetar som er målte opp på asfalten. Ullensvang kommune har kulturskule og undervisninga skjer over heile kommunen i samhandling med andre aktørar, grunnskular, institusjonar og det frivillige. Musikk, teater og visuell kunst er blant kulturelle aktivitetar ein finn i bygda. Rett vest for Fri02 ligg samfunnshuset, som har vore nytta til ulike føremål og tilstellingar i bygda.




Figur 2: Planområdet Nå Båthamn.

Avgrensinga for planområdet går frå Fjordavegen og omfattar nedkjørsla til kaia frå denne vegen, Parkanlegg i Fri02, kaia som grensar til nabobygg på kaia, to bygg på kai (B/F/K 01), samt snuplass i nord for å sikre logistikk og inn- og utkøyring til gjeremål på kaia. Her er den gamle skipskaia i bygda, eit stopp på vegen inn til Odda i gamal tid. Nede på kaia finn vi i dag stort sett lagerbygningar. Planane er derimot å skape eit senter for mat og kultur, oppleving og fritid. I tillegg er arealet regulert for bustad, næring og kontor- blanda føremål.

3.2 Arealbruk


Dagens arealbruk er blanda. Mellom Fri02 langs fjorden og Fjordavegen i sør, er eit parkområde som grensar til parkeringsplass i tilknytning til kai og kombinerte føremål (B/F/K 01) og lenger nord (B/F 01) langs Fjordavegen på innsida av kaia. På nordsida av kaia er det eit tilgrensande føremål: verkstad / bensinstasjon (F 01) langs fjorden. I tilgrensande områder på vestsida av Fjordavegen er det ulike føremål. I nord er det bustadområde (BU 05) med spreidd einebustader vest for Fjordavegen. Områder

for jord- og skogbruk (JS 02/03/04/05) omkransar samfunnshuset (Allmenntyttig forsamlingslokale, (G 01) på vestsida av Fjordavegen, og lenger vest; den gamle skulen (OF 01) område for offentlig bygg.



Figur 3: Utsnitt av gjeldende reguleringsplan.

Arealet innanfor planområdet består av ulike gards- og bruksnummer med ulike rettshavar til eigedomsrett.



Gnr:158 Bnr:1

Gnr:158 Bnr:3.

Gnr:158 Bnr:19

I samsvar med grunnboksinformasjon står Torleiv Naa Helle oppført som eigar av Gnr:158 Bnr:1, der delar av dette arealet omfattar dagens rekreasjonsområde og badestrand. Arealet ligger innanfor planområdet, men tiltaket inneberer ingen endring av dagens situasjon. Det ligg føre heftelsar på eigendommen.

I samsvar med grunnboksinformasjon står Naa Eiendom AS oppført som eigar av Gnr:158 Bnr:3. Arealet omfattar bla. eksisterande bebygging på kaia og sjølve kaianlegget. Tiltaket rører eigendommen

og omfattar tilrettelegging for bygg for servering, overnatting, informasjon/siderhus på eksisterande kai, utvikling av kaiområde og å gjera området meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta. Det ligg føre heftelsar på eigendommen.

I samsvar grunnboksinformasjon står Ullensvang kommune oppført som eigar av Gnr:158 Bnr:19, kor delar av arealet omfattar parkanlegg og rasteplass, samt arealet avsett til friområde (Fri02). Tiltaket omfattar flytande konstruksjon for hamn for fritidsbåtar, og vil vere festa til land på noverande friområde «Friområdet, FRI 02». Vidare er det plan å bearbeide området rundt adkomstpunktet for å auke bruksverdien som rekreasjonsområde. Det ligg føre heftelsar på eigendommen.

3.3 Staden sin karakter og landskap

Dei ulike elementa i landskapet i områda rundt Sørfjorden er prega av det dramatiske fallet frå fjell og fonn til fjord. Folgefonn (1644 moh) og Brottefonn (1478 moh) er dei høgste punkta i fjellformasjonen. Der er ei rekke nuter som gjev utsyn i området; frå nord til sør er Torsnuten, Gråsteinsnuten, Lausenuten, Hersetenuten og Vetlenuten. Under nutene er det fleire leiter som kjem ned langs fjellet; Myraleitet i nord over Vikebygd, Botner rett vest for området og Fossberg som ligger over Bleie i sør. Jordbruksfelta i bygda vert mykje nytta til fruktdyrking og langs Sørfjorden og Fjordavegen er det kai og strandområde.

Fjordavegen er den historiske ferdselsåra langs vestsida av Sørfjorden. Det er også fleire historiske gardsvegar som slynger seg opp fjellsida til dei historiske gardane Skåltveit, Kvestad/Haugen, Botnen, Måkestad og Reisetete. Husa består av historiske gards- og driftsbygningar i tun liggjande i det skrådde lende. Av allmenne bygg i krinsen er den gamle skulen, teikna av arkitekt Knut Mannsåker og forsamlingshuset rett vest for Fjordavegen på Nå.

Det store landskapsrommet på tvers av Sørfjorden består av fjell til fjord til fjell og er eit sterkt kulturlandskap. Naturen er mektig med heile skalaen av inntrykk og lange synslinjer over fjord og opp mot fjell langs ferdselsåra. Bygga er plassert langs Fjordavegen og spreidd opp dalsidene. På Nå står bygga tettare, og med forsamlingsplass langs parkområdet og friområdet gjer at ein kjem nærare på omgjevnaden.



Figur 4: Foto viser Sørfjorden med omkringliggende fjellformasjonar.

På Nå har busetjinga vore i hundrevis av år og sjølv sentrumsbygga vart utvikla vidare på 1950-tallet, då fleire næring-, industri- og driftsbygningar vart skipa mellom Fjordavegen og Sørfjorden. Her finn ein dagens matbutikk, fruktlageret m.m. Bygga er i hovudsak av betong og mur, med innslag av trekonstruksjonar. I dag står det på kaia eit tre etasjes maskinlafta bygg frå 1910, som vart flytta hit på et seinare tidspunkt. Det er og eit par større lagerbygg langs kaia med etter måten store volum.

Planområdet er godt synleg både frå nord og sør, og frå fjorden i vest, då det ligg på nedsida av Fjordavegen og bygga på Nå. Frå Fjordavegen er området mindre synleg då området ligg lågare enn vegen og ein har bygga mellom vegen og feltet. Noko betre synleg frå parkeringsplassen, park- og friområdet i sør. Frå bygdene på austsida av Sørfjorden er området lite synleg, då fjorden er brei, med heile 2,3 km på det smalaste.

Planområdet ligg på vestsida av Sørfjorden og har ikkje så gode tilhøve for sol som områda i aust på kveldstid, grunna dei høge fjella i vest. På morgonen og dagtid er tilhøva gode for sol, dette særskilt på sommaren. Vinden kjem som oftast frå sør. Han kan også koma med kraftig fallvind ned langs fjellsida. Det blir sjeldan høge bølger på fjorden, og flo/fjære kan ha ein skilnad omlag på 2,0 m. Der er inga klar skilnad på stormhyppigheit på våre hav- og kystområde. Her er inga teikn på inversjon, lufta vært raskt utskifta og det er godt omløp av ny og frisk luft. Temperaturane er i endring, og lufttemperatur utjamna avvik i gr. frå normaltemperatur 1,0-1,5. *Kjelde: Metrologisk institutt.* Temperaturmålingar utført sia 1999 på 60m djupne syner at permafrosten i høglandet i Noreg varmast opp i eit høgt tempo. Dette fører til høgre vasstand i bekker og elver, og her som området ligg under Folgefonna, seier det seg sjølv at her er ein stor auke i vassmengda. Snøsesongen vært stuttare dei fleste stader. Auka i årsnedbøren for fastlands-Noreg har auka med 20% sia 1900, og størst auke er det på vinteren, og då på Vestlandet. I området her er en auke i utjamna nedbørsum i prosent av normal på 50-75. *Kjelde: Metrologisk institutt*

Dei største vassdraga på vestsida av Sørfjorden som renn ned her er:

- Kvitnaelvi – i Sørfjorden frå vest, 9 km nord for Eitrheim, og om lag 11km sør for Nå.
- Eitrheimselva – i Sørfjorden frå vest, ved Eitrheim, og om lag 20km sør for Nå.
- Tokheimselva – i Sørfjorden frå vest, ved Tokheim, og om lag 22km sør Nå.

Det er samstundes mange elvar her som er kortare og med mindre nedbørfelt, men grunna den svært høge årsnedbøren i området er elvane her svært vassrike.

3.4 Kulturminne og kulturmiljø

Vikebygd Landskapsarkitektur strekkjer seg langs Fv 550 på vestsida av Sørfjorden, frå Kvitnoelva i sør til Velure i nord. Folketalet er på om lag 600, fordelt på mange små grender. På toppen av fjellsida ligg Folgefonna, landets tredje største isbre. Langs vegen kan du oppleve det vakre kulturlandskapet med mange små fruktgardar i bratte fjellsider, der dei ligg trengt mellom fjord og fjell. På grunn av skredfaren ligg husa fleire stader tett i tett, i såkalla klyngetun. Agatunet er eit heilt bevart klyngetun, og ope i sommarhalvåret. Husa her er ifrå mellomalder og opp til 1900-talet. Lofthus, klyngetunet på Aga og ferdsevegane til fjells er tydelege kulturmiljø i nasjonal samanheng.

3.5 Landbruk

Det er eit sterkt kulturlandskap i krinsen, og det har vore drive landbruk i lange tider. Det er bratte lender frå fjella og ned, med noko utflating langs fjorden. Her har det vore besetning av den vanlege fiskarbonden som vi finn så mange plassar på dei bratte vestlandsgardane, men med mykje innslag av fruktdyrking og produksjon av denne avlinga. Når det gjeld husdyrhald er sau den som har vore mest nytta i seinare tid. Landbruket i dag er ofte kombinert med anna næring, blant anna gardsturisme, campingplass, gardsbutikk og siderproduksjon. I 2020 vart "Den nasjonale frukthagen" i Hardanger ein del av Noregs utvalde kulturlandskap.


Denne statusen har dei i lag med 45 andre landskap over heile landet. Området er Ullensvang i Vestland.

– Dei utvalde kulturlandskapa våre viser korleis vi menneskje har forma landet vårt over lang tid, og korleis arbeidet har gitt oss stort mangfald og store verdiar, seier klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn (V).

Kjelder: www.regjeringen.no




Figur 7: Kulturlandskapet i Hardanger. Kjelder: www.hardangerfiord.com



Figur 8: Kart jordbruksareal. Kjelder: www.nibio.no

3.6 Naturverdiar


Krinsen rundt planområdet er ein samling av ulike stader med ulike føremål. Saman med planområdet finn ein landskap som ber preg av jordbruk, bustadområde, naust i strandsona, butikk- og handel. Planområdet er direkte knyta til sjøen med kai, flytebrygge og badeplass. Badestranda er sandlagt, med gras og berg opp mot Fjordavegen. Like utaføre planområdet er der registrert eit fiskefelt kor det fiskast etter brisling. Data om dette feltet vart oppdatert i 2013 og feltet er eit viktig område for fiske etter brisling. Feltet brukast av brislingsflåten frå heile landet. Her har det vore fruktdyrking gjennom mange hundre år, og det har sett sine tydelege spor i landskapet og gitt unikt naturverd. Dei eldste frukthagane med mange gamle sortar er særleg verdfulle som samlingar for genetiske planteressursar. Det er også gode veksttilhøve for ville artar av sopp, lav, mose, insekt og fuglar. Jordbruksdrift i området er kjent frå slutten av steinalderen. Frukthistoria går attende til 1200talet då Lysekloster etablerte ein gard i Opedal i Ullensvang, og stadnamn her fortel om klosterhistoria. Fruktdyrkinga skjer i dag etter nyare metodar.



Figur 9: Kart over arealtypepar

Kjelder: www.nibio.no

Det er registrert Oter (VU), Vipe (EN), Stær (NT), Sivspurv (NT), Fiskemåke (NT) og Brisling (NT) i nærleiken av planområdet. Disse arten er i arts-databanken raudlista. Kategori vekslar frå NT - nær truga, VU -sårbar til EN - sterkt truga. Elles er der registrert ein rekke artar innanfor kategori LCLivskraftig.



Figur 10: Kartutsnitt av artskart frå artsdatabanken.

Kjelder: artskart.artsdatabanken.no

Kilder: www.nibio.no

Figur 10 viser lokalisering av de ulike artene:

1. Sumarfuglar, 2. Tovingar, 3. Biller, 4. Måneflekket markblomsterflue, 5. Amerika-humleblom, 6. Svarttrost, 7. Kveke, 8. Stokkand, 9. Grantege, 10. Nelliksopp, 11. Byhøymol, 12. Marikåperust, 13. Blåkoll, 14. Svarttrost, 15. Kjøttmeis, 16. Dompap, 17. Bakkeknavel, 18. Storsandbie, 19. Rødvingetrast, 20. Grønfinnk, 21. Havørn, 22. Kystbergknapp, 23. Skorpelærsopp, 24. Nebbmunnar, 25. Bærtege, 26. Piggsvin, 27. Nordflaggermus, 28. Svarttrast, 29. Sitta europaea europaea.

3.7 Rekreasjonsverdi- og bruk

Det er mange turstiar opp frå Nå og området langs fjorden. Dei fleste går opp i høgda med god utsikt over Sørfjorden og fjella austaføre. Her er og gamle ferdselsveggar til fjells som er framtreddande kulturmiljø i nasjonal samanheng.



Figur 11: Kartutsnitt frå turar i Norge.

Kjelder: www.ut.no

Nå sentrum er direkte knytt til sjøen med badeplass, kaianlegg og flytebrygge. Delar av området er regulert til friområde, Fri02, og lagt til rette for bruk av eksisterande naturområde med naturleg sandstrand. Ved busstoppet i Nå sentrum er det etablert parkanlegg og rasteplass. Her er det god parkeringsdekning og flott utsikt over fjorden. Området er mykje brukt av folk i alle aldrar, men spesielt av barn og unge, både på fritid og i skulesamanheng.

Kari Åkre og elevrådet på Vikebygd skule skriv:

«Vikebygd skule nyttar badestranda og området rundt jamleg heile året.

1.-2. klasse har utedag ein dag i veka, då nyttar dei området rundt Grindabygget og heile øra, heilt sørover mot Nå Auto. Kaiområdet nord for badestranda vert av og til nytta til fiske med stong.

Resten av skulen nyttar òg dette området til enkelte utedagar t.d. "mat og helse"-aktivitetar og "Juni-skule".


Elles nyttar barn og unge området mykje på fritida, då spesielt i sommarhalvåret. Det er rundt busskuret ved butikken og ned til øreområdet dei oppheld seg mest. Då sykklar dei rundt butikkområdet, ved Steinparken og ned til kai/øre. Eldre ungdom brukar benkar nede ved skur på kaiområdet til sitjeplass. Sommartid er Grindabygget nytta til opphaldsstad, som bytterom til bading og stad for å grille på bålpanna. Flytebrygga rett utanfor kaiområdet sør er mykje brukt. Borna hoppar frå "molokanten" og sym ut til brygga».



Figur 12: Foto av eksisterande strand og rekreasjonsområde.



Figur 13: Foto av parkanlegg og rasteplass.



Figur 14: Kartutsnitt frå badeplassar i Norge.

Kjelder: ut.no

Kjelder: www.badeplasser.no

3.8 Skule og barnehage

Om lag 175m vest for området er Vikebygd barneskule. Her er og SFO-ordning. Vikebygd skule vart teken i bruk i 1962, og vart bygd om i 1996-97. Elevane kjem frå heile området som har Nå til postadresse. I 2009 har skulen 40 elevar og 11 tilsette. Etter fullført 7. klasse, reiser elevane frå Vikebygd skule til Hauso skule for å gå på ungdomsskule. Aga barnehage, ligg litt lengre ut i fjorden, om lag 4km nord for Nå. Dette er ein barnehage med to avdelingar. Dei held til i det gamle skulebygget på Syreflot (byggjefeltet på Aga). Barnehagen har ein småborns-avdeling Tytebærtuo (Tuo) med plass til 12 born (24 plassar) og ein storborns-avdeling: Blåbærsteinen (Blå) med plass til 22 born.

3.9 Barn og unges interesser

Like vest for området er ein barneskule, og dei bruker friluftsområdet, då mest på vår og haust (sommarchalvåret). Her kan dei læra og sjå på livet i fjøra. Barnehagen på Aga vil helst bruke fjøra på den staden. Skulen har ein nyleg opprusta ballbinge, ein del leikeapparat, samt fleire spel og aktivitetar som er målte opp på asfalten. Skulen set fysisk aktivitet svært høgt, og elevane har minimum éin timeplanfesta skuletime kvar dag der dei er i fysisk aktivitet, i hovudsak ute.

3.10 Veg og trafikkforhold

3.10.1 Køyreadkomst

Fylkesveg 550, Fjordavegen, går gjennom Nå sentrum og er hovudferdselsåra fram til planområdet. Frå denne er det avkjørsel med tilkomst til parkeringsplass, kaien og planområdet. Fylkesvegen har varierende kvalitet, bredde og fartsgrense. Gjennom planområdet er den skilta med fart på 40 km/t. Det er i dei færraste høve fortau langs fylkesvegen, men gjennom sentrum av Nå og ned på kaia er der. Der er også fortau langs den kommunale veggen frå Fjordavegen opp til skulen.

Fartsgrensa på avkjørselsvegen ned frå fylkesvegen er 50 km/t. Dei kommunale vegane på vestsida av planområdet har 30 km/t.

3.10.2 Trafikkmengde

Årsdøgntrafikk (ÅDT) på fylkesvegen var 769 kjøretøy per døgn i 2018. Det finnes ikkje tall for syklistar og gåande. Trafikkmengda på sjøen er sesongprega, og då sumarhalvåret.

3.10.3 Trafikksikkerheit

Det er i dei færraste høve fortau langs fylkesveg 550, men vegar i sentrumskjerna og opp til skulen er utstyrt med fortau. Fartsgrensa er for det meste 80km/t på fylkesveg 550, Fjordavegen. Gjennom tette strøk er der 50 km/t og gjennom sentrumsstrøk 40 km/t.

3.10.4 Kollektivtilbod

Der er busstopp ved Fylkesvegen 550 i begge retningar innaføre 50m frå planområdet. Her går buss rute 980 Jondal – Utne – Odda med forholdsvis få avgangar.

3.10.5 Mjuke trafikantar

Langsmed fylkesveg 550 går der vegar som har fartsgrense 30km/t, og desse er nytta av fotgjenarar og syklande. På nokre, kortare strekk må ein ned på fylkesvegen for å koma til neste alternative veg. Her er lite med fortau for gåande.

3.11 Universell utforming

Det er i dag god tilkomst til planområdet med offentleg veg og gangvegar ned på kaia. Innaføre planområdet er parkeringa godt ivaretatt, dette med fleire merka felt halde av til parkering. Det er god tilkomst til Fri02, men ikkje køyreveg heilt ned til stranda. Dette må gjerast med traktor om det trengs.

3.12 Vassforsyning og avløp

Det eksisterande anlegget på staden vil verta brukt vidare. Like nord for Nå sentrum har kommunen avløpsanlegg, mekanisk slamavskiljar. Vasstilkomst er kystvann.

Fakta: Avløpsanlegg

Nå avløpsanlegg

Anlegg id:	26575
Drives av:	ULLENSVANG KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON ODDA
Myndighet:	Kommunal forurensningsmyndighet
Kommune:	Ullensvang (4618)
Driftsstatus:	Aktiv
Renseprinsipp:	Mekanisk - slamavskiller
Renseprosess:	
Kapasitet (pe):	
Kategori vannforekomst:	Kystvann

Utslipp

Siste rapporteringsår: 2020

Parameter	Mengde (tonn/år)
Fosfor totalt (P-TOT):	0,03
Kjemisk oksygenforbruk:	1,11
Biologisk oksygenforbruk (BOF5):	0,89
Tørrstoff, suspendert(SS):	
Nitrogen totalt(N-TOT):	0,19
Totalt organisk karbon (TOC):	

Figur 15: Utklipp fra Miljøstatus, avløpsanlegg.


Kjelder: www.miljostatus.no

3.13 Energi

Det eksisterende anlegget på staden vil verta brukt vidare.

3.14 Støyforhold

Planområdet har tilkomst frå Fjordavegen og ligg ifølgje kart henta frå miljostatus.no utanfor definerte støysoner. Iht. støykartlegging utført av Statens Vegvesen viser kart for «Støysoner for riks- og fylkesveger» at området rundt Fjordavegen ligg i gul sone (Lden>55dB). Tiltaket ligg såleis utanfor gul støyson til trass for at delar av planområdet inkluderar delar av Fjordavegen.



Figur 16: Støykartlegging utført av Statens vegvesen viser kart for «Støysoner for riks- og fylkesveger»
 Kjelde: vegvesen.no

4 Planstatus og rammebetingelser

4.1 Overordna planar

4.1.1 KOMMUNEPLAN 2011-22


Området er satt av til grønstruktur/friområde og grensar opp mot noverande sentrumsføremål.



Figur 17: Kartutsnitt frå kommuneplan 2011-22 og utsnitt av planområdet.

4.1.2 KYSTSONEPLAN

Området avsett til FR = eksisterande friluftsliv. I samband med reguleringsarbeidet, skal området mot sjø reguleraast til friluftsområde/friområde eller felles område.




Planområdet

Figur 21: Kartutsnitt frå kystsoneplan.

Figur 18: Kartutsnitt frå kystsoneplan

4.2 Reguleringsplan

Området satt av til føremålet «Friområdet, FRI 02» der friområdet inneheld strandsone til offentlig rekreasjon. Det kan ikkje gjerast tiltak i området som gjer den allmenta bruken ringare.



Planområdet

Figur 19: Kartutsnitt frå reguleringsplan Nå sentrum.

4.3 Temaplanar

Temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Ullensvang kommune 2021-2025 vart handsama i kommunestyret 24.03.21. Ullensvang kommune har visjon om: Fysisk aktiv kvar dag, heile livet. I planperioden skal kommunen sitt engasjement ha eit ekstra fokus på familiar med små born, tenåringar, eigenorganiserte, inaktive og innbyggjarar over 70 år. Kommunen skal leggja til rette for gode og tilgjengelege anlegg og områder, både for organisert og eigenorganisert aktivitet og for alle alders og brukargrupper.

4.4 Statlege planretningslinjer, rammer og føringar

Staten har som mål å leggje til rette for at flest mogleg skal kunne utøva idrett og fysisk aktivitet. Aktiv kvar dag, er ein uttalt visjon. I 2020 føreligg og ein sektorovergripande handlingsplan for fysisk aktivitet, «Sammen om aktive liv» som har som visjon at rørsle og fysisk aktivitet er eit naturleg val for alle gjennom heile livet.

Planen har som hovudmål:

- Eit meir aktivitetsvenleg samfunn der alle, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn vert gitt moglegheit til rørsle og fysisk aktivitet.
- Del av folkesetnad som oppfyller helsemessige tilrådingar om fysisk aktivitet, er auka med 10 prosentpoeng innan 2025 og 15 prosentpoeng innan 2030.

FORSLAG

5 Beskriving av planforslaget

Forslagsstillar Naa Båtlag ynskjer å starte detaljregulering for Nå Båthamn. Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for etablering av småbåthamn i sjø for opptil 40 båtar. På eksisterande kai er det planlagt bygg for servering, overnatting, informasjon/ siderhus på eksisterande kai, utvikling av kaiområde og å gjera området meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta. Eksisterande bygningar er planlagt oppretthalde i den forma dei har, med endra bruk som beskrive over. Planområdet har ein storleik på ca. 7 daa og ligg ved Nå sentrum, på nedsida av Fjordavegen mot Sørfjorden. Planarbeidet er unntaka planprogram, men utløyser krav om konsekvensutgreiing.

5.1 Planlagt arealbruk


Nå Båthamn vil i planen ligge innanfor område BSB regulert til småbåtanlegg i sjø og vassdrag og vere festa til land på noverande friområde. Båthamna vil ha ein U-form, der opninga og tilkomst av båtar er vendt mot nord, vekk frå badeområdet, og ein skjermar dermed badevika mot trafikk av båtar.

Planen avgrensar eit område VB som er regulert til badeområde i sjø og betjener bading. Området er tilknytta friområde og skal ikkje berørast av båttrafikk. Den sørlege delen av småbåthamna vil dermed vere fri for båttrafikk og anna ferdsel på vatn for å verne om den ålmente tilgongen og sikkerheit i sjø for badande.

Båthamna er plassert mellom dagens badestrand og kaianlegg, med kort avstand til biloppstillingsplass. Val av plassering er grunngjeve med eit ønskje om at båthamna skal ha ei sentral og lett tilgjengeleg plassering, utan å komme i konflikt med badestrand og kaianlegg. I tillegg er det ikkje tillate å etablere portar som stenger av tilkomst for ålmenta til kaianlegget.

Eksisterande bygningar på kaia skal utviklast til bygg for servering, overnatting, informasjon/siderhus på eksisterande kai. Vidare plan er ei utvikling av kaiområdet og å gjere området meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta. Tiltaket på kaia inneber opprusting av dagens to eksisterande bygg, i tillegg til oppføring av eit nytt bygg plassert mellom desse.

Den planlagte arealbruken og ønska tiltak for planområdet vil forsterke den offentlege rekreasjonen i strandsona og det kan ikkje gjerast tiltak i området som gjer den offentlege bruken ringare ihht pbl. §1-8.



Figur 20: Nå Båthamn, endra bruk av friområdet.

5.1.1 Reguleringsformål

Planområdet har ein storleik på ca. 7 daa og er i reguleringsplanen sett av til føremålet «Friområdet, FRI 02» der friområdet inneheld strandsone til offentleg rekreasjon. Føremålet med detaljreguleringa er blant anna å leggje til rette for etablering av småbåthamn i sjø for opptil 40 båtar. Ønska tiltak omfattar ein flytande konstruksjon for hamn for fritidsbåtar, og vil vere festa til land på noverande friområde «Friområdet, FRI 02». Ved adkomstpunktet er det plan å bearbeide det omkringliggende området for å auke bruksverdien som rekreasjonsområde.

Vidare føremål med detaljreguleringa er etablering av servering, overnatting, informasjon/siderhus på eksisterande kai, utvikling av kaiområdet og å gjere området meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta.

Tiltaka som er foreslått innanfor planområdet er i avgrensa grad nye bygningar. Det er foreslått nybygg (BKB2) på kaien mellom to eksisterande bygg (BKB1 og BKB3).

I kommuneplanen ligg begge eksisterande bygningar på kaien innafør sentrumsføremål. I gjeldande reguleringsplan for Nå sentrum, er planlagt bygg BKB2 vist som ståande, innafør føremålet bustad/forretning/ kontor.

Arealformål		Hensynssoner	
§12-5. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg	Areal (daa)	§12-6 - Hensynssoner	Areal (daa)
1587 - Småbåtanlegg i sjø og vassdrag	4,4	140 - Frisikt (2)	0,3
1800 - Kombinert bebyggelse og anleggsformål	0,3	§10 - Ras- og skredfare (3)	30,7
1824 - Næring/tjenesteyting (3)	0,5	Sum areal denne kategori:	31,1
Sum areal denne kategori:	5,2		
		Totalt alle kategorier: 31,1	
§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)	Bestemmelsesområder	
2011 - Kjøreveg (3)	1,3	§12-7 - Bestemmelsesområder	Areal (daa)
2019 - Annen vegggrunn - grøntareal	0,0	2 - Vilkår for bruk av arealer_ bygninger og anlegg (4)	1,1
2041 - Kai	2,0	Sum areal denne kategori:	1,1
Sum areal denne kategori:	3,3		
		Totalt alle kategorier: 1,1	
§12-5. Nr. 3 - Grønnstruktur	Areal (daa)		
3040 - Friområde	1,3		
Sum areal denne kategori:	1,3		
§12-5. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	Areal (daa)		
6200 - Farled	8,0		
6770 - Badeområde	0,5		
Sum areal denne kategori:	8,5		
Totalt alle kategorier: 18,3			

Figur 21: Arealtabell og reguleringsformål.

5.2 Bebygginga si plassering og utforming

Etablering av servering, overnatting, informasjon/siderhus er ønska plassert på eksisterande kai (SK). Tiltaka som er foreslått innanfor planområdet er i avgrensa grad nye bygningar. Det er foreslått nybygg (BKB2) på kaien mellom to eksisterande bygg (BKB1 og BKB3).

Bebygging på kaien vil stå fram som ei samla fasaderekkje mot fjorden, og skal få ei utforming som respekterer dette. Det skal vere fri passasje mellom bygga. Bygga skal ha ein estetisk og tiltalende form og behandling, med god material- og fargebruk. BKB, BKB2, BKB3 og KBA1 skal ha trekledning. Større glasflater er tillate. BKB1, BKB2, BKB3 og KBA1 skal ha møna tak og møneretning til BKB2 er vist som vist i illustrasjonsplan (sjå Illustrasjonsplan rev. 31.10.2022). Møneretning til BKB1 og BKB3 er vist i plankart. Større glasflater er tillate.

Bebygginga skal maksimalt ligge inntil formålsgrensa avsett til området, der ikkje anna er nevnt. For BKB1 følgjer byggegrense omrisset av eksisterande bebygging. Det kan etablerast platting utanfor angitt byggegrense innanfor felt BKB1. Grensa er trukket vekk frå møtet mellom land og sjø slik at planen tek omsyn til 100-metersbeltet langs sjøen, særleg mtp. natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmente interesser jf. pbl. § 1-8 første ledd. Vidare forholder formålsgrensa seg til allereie eksisterande bebygging. For det planlagde bygget BKB2 er formålsgrensa lagt som ei forlenging av det eksisterande for å skape ei naturleg, kontinuerleg rekke med bygg som ivaretek kaiområdet mellom sjø og bebygging for ålmenta. Planlagde tiltaka er såleis utarbeida med vekt på å styrke den ålmente tilgangen for friluftsliv, rekreasjon og landskapsopplevelser. I tillegg vil dei kunne vere med på å styrke staden sin særpreg og identitet.

Adkomst til Nå båthamn skal koplatt til landfundamentet ved ledda bru som fangar opp tidevassforskjell. Portar og gjerder er ikkje tillete i område for småbåthamn for å sørge for at tiltaket er tilgjengeleg for ålmenta. Brygga er i betong og konstruksjonen vil vere forankra med påleføring mot botnen for at brygga skal vere stabil og i størst mogleg grad skjerme frå vind og bølger. Brygger i betong er hardføre og godt rusta til å tole ver, vind og sjø. Med si høge vekt ligg dei trygt på vatnet og evnar å stå mot krafta frå ver og bølger. Betongbrygga som fører til land vil ha ei lengd på 45 meter med ei breidde på 3 meter. Frå denne og nordover vil det vere to flytebrygger (armar) på 76 meter kvar, her også med ei breidde på 3 meter. Båthamna vil såleis vere forma i ein U-form kor det vil vere montert 20 utliggarar på innsida av kvar «arm» kor annankvar er fortøyningsbom og gangbar bom. Gangbar bom har breidde på 0,5 meter som sikrar kvar båtplass enkel tilgang til langsida til båten. Kvar båtplass har ein dimensjon på 8m lengd og 3,5 meter breidde. Mellom utliggarane vil det vere ein fri plass på 14 meter.

Totalt vil anlegget gi plass til inntil 40 båtar i fast system på innsida av anlegget, medan utsida av anlegget skal nyttast som gjesteplassar. Arealet som går med er i alt om lag 4daa.

Estetisk sett er båthamna eit lågt, flytande anlegg, som først og fremst vil framstå som ei samansett mengde båtar.



Figur 22: Målskisse for elementa ved småbåthamna.


5.2.1 Byggehøgder

Fribord er 1,07m +0m

Rekkverk 0,8 m er 2,8m

Djupgang uk -0 er 0,6m Total

høgde 2,8m.



Figur 23: Snitt båthamn/ landingspunkt

Teikning av båthamna, med løysing for landside m.m., er vist i vedlegg «Snitt småbåthamn» datert 31.10.2022.

Maksimal mønehøgde for BKB1 er sett til + 13.20. Høgda er gitt utifrå høgde på bygg som allereie er etablert innanfor området. Eksisterande bygg innanfor området skal oppretthalda si maksimale mønehøgde og takvinkel. Møneretning er definert i plankart. Maksimal mønehøgde for BKB3 er sett til + 11.30. Høgda er gitt utifrå høgde på bygg som allereie er etablert innanfor området. Eksisterande bygg innanfor område skal oppretthalda si maksimale mønehøgde og takvinkel. Møneretning er definert i plankart. Nybygg innanfor BKB2 kan oppførast inntil maks. mønehøgde på kote +11.30, med takvinkel inntil 45 grader. Erfaring uttalt frå kommunen er at forventa havnivåstigning er på 2,38 moh, i tillegg til eit bølgepåslag. Golvhøgde i alle bygg skal difor leggjast på min. kote + 2.50. Byggehøgde for område KBA1 kan oppførast inntil maks. mønehøgde på kote + 14.30 og takvinkel inntil 25 grader. Målsettjinga er gitt utifrå høgde for nærliggande bygg gnr./bnr. 155/18 vist i plankart for å sørge for at eventuell ny bebygging vil gi inngå i ei fasaderekkje med lik framtoning. Nybygg innanfor KBA1 skal ha lik møneretning som bygg gnr./bnr. 155/18.

5.2.2 Grad av utnytting


I gjeldande reguleringsplan §14 er område avsatt til Friområdet (FRI 02) og inneheld strandsone til offentleg rekreasjon. Det kan ikkje gjerast tiltak i området som gjer den offentlege bruken ringare ihht pbl. §1-8.

Heile området Fri02 skal brukast som friområde. Tilkomsten til Nå Båthamn vil vere gangveg over plenen, der det allereie i dag er plassert ut benkar og bord. Her skjer det inga endring frå dagens utnytting.

I gjeldande reguleringsplan §6.1 er område reservert for næring, bustad og kontor (BFK 01). Det kan gjerast endringar og tilføyingar på eksisterande bygg i samsvar med plan- og bygningslov.

Det er gjort ei vurdering på at grad av utnytting innanfor område BKB1,2 og 3 i planområdet er sett til BYA % = 100 % innanfor formålsgrense.

Grad av utnytting innanfor område KBA1 i planområdet er sett til BYA % = 100 % innanfor formålsgrense.



Figur 24: Planlagd bebygging

5.2.3 Grunnforhold og forankring av anlegg

I oppdragsrapport utført av Statens Vegvesen 950164-01, vedlegg «03 Vedlegg Grunnundersøking sjøareal», framgår det at «Sjøbunnen utenfor strandsonen er fast, men den ligger på rasvinkel. Fylling der frarådes».

Tiltaket skal ikkje fylle stein i sjø, kun plassere betonglodd. Lodd vert plassert ut av dykker og plassert i ikkje skredutsatt skråning. I forbindelse med utlegging av betongbrygger er Ullensvang Entreprenør AS engasjert til å utføre ei geoteknisk vurdering med tanke på områdestabilitet og byggbarhet, «01 Vedlegg I Geoteknisk notat Naa Båttlag».

Terrenget ved eksisterende bygg er relativt skrått og ligger på mellom kote 0 og kote 13. Terrenget i området består i hovudsak av oppsatte natursteinsmurar, parkering, utfyllt areal for rekreasjon og næring. Tomta har ein forholdsvis jamn flate over heile flaten.


Grunnundersøkelser viser at området består av faste masser. Området ligger under marin grense, men det er ikkje registrert masser med sprøbruddeigensker.

Grunnforholdene gir dermed ikkje mulighet for at det kan oppstå områdeskred på denne tomte. Det vurderast derfor at kravet til sikkerhet mot skred i henhold til TEK17, §7-3 er oppfylt for det pågjeldende tiltak.

Under marin grense viser boringer, utført i oppdragsrapport 950164-01 utført av statens vegvesen at sjøbunnen er fast, men den ligg på ein rasvinkel ca 24 meter frå murkant, der djupna går frå -10 til ca -40 muh.

5.2.4 Vurdering av bæreevne av eksisterande kai for planlagt tiltak

Delar av planen foreslår nybygg. Utklipp frå illustrasjonsplanen viser eksisterande betongkai, delvis med eksisterande bebygging. Framtidig bygg er planlagt mellom dei to eksisterande bygga.



Skala Rådgivande Ingeniør er engasjert for å gjere ei vurdering av bæreevna til kaia for framtidig bebygging. Dei har utarbeida eit notat, vedlegg «04 Vedlegg Vurdering av bæreevne - eksisterande kai», som konkluderer følgande:

«Basert på observasjonar og vurderingar, som beskrevet i dette notatet, kan vi anta at det er fullt mulig å bygge på arealet mellom de to eksisterande byggene.

Før byggstart må man gjøre nødvendige tilstandsvurderinger og beregninger. Fundamenteringsløsning for nybygget må tilpasses grunnforhold og kaikonstruksjon.».

Det er på bakgrunn av dette innarbeida rekkjefølgekrav i føresegner, punkt 8.2.4, som skal sikre trygg fundamentering og konstruksjon, basert på rådgivinga.

5.3 Bruk og kvalitet

Miljøet rundt badevika og friluftsområdet skal nyttast av og vera open for ålmenta. Området er i dag mykje brukt av folk i alle aldrar, men spesielt av barn og unge, både på fritid og i skulesamanheng. Det er ein sterk tanke med etablering av båthamn at lokalsamfunnet skal styrkast. Båthamna skal organiserast som eit grannelag. Området vil og gje tilkomst til Nå Båthamn, med fritidsbåtar og gjestebrygge. Hamna kan også nyttast til fiskeing med stong samt bading og stuping frå bryggeanten. Vidare er det plan om å bearbeida området rundt tilkomstpunktet for å auka bruksverdien som rekreasjonsområde.

Nede på kaia finn vi i dag stort sett lagerbygningar, men planane er å skape eit senter for mat og kultur, oppleving og fritid. Eksisterande bygningar på kaia er tenkt til fleire funksjonar:

- sidersenter med informasjon, presentasjon, overnatting, smaking, sykkel- og kanoutleige m.m. - serveringslokale, restaurant, kafé m.m.

- utlegebustader m.m.

Sidershuset (BKB1), har mogleg kapasitet på loft til framtidig bruk til overnatting, inntill 10 personar.

Utvikling av kaiområdet skal gjere området meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta.



Figur 25: Oversiktsbilette med ny NÅ Båthamn.

5.4 Uteopphaldsareal

5.4.1 Privat og felles uteopphaldsareal

Arealet skal ikkje nyttast til privat opphaldsareal, men skal vere opent og tilgjengeleg for ålmenta. Dette grunnar i nærleik til badeplassen, parkarealet med benkar og bord og at båteigarane kan vera «kven som helst».

5.4.2 Andre uteopphaldsareal

På eksisterande kai vil det vere siderhus, bygg for servering, overnatting, informasjon og vidare utvikling av kaiområdet med hensikt om å gjere området meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta. Dette er og i samsvar med eksisterande føremål; Bustad, Forretning, Kontor.

5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert nokon særigne, verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Dei eksisterande på kaia vil gjenbrukas som dei står i dag, med noko istandsetting og tilpassing til ynskja føremål, tilpassing til dagens standard og nødvendige endringar for å tilfredstille dagens tekniske krav. Etablering av nybygg har som mål å gje eit løft til eksisterande bygg og miljøet på kaia.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Tiltakshavar har likevel meldeplikt etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, konsentrasjonar med trekol, konstruksjonar m.v. vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert. Dette er sett som eit rekkjefølgekrav, punkt 8.3.4 i føresegner.

Tiltaktshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne. Dette er sett som eit rekkjefølgekrav, punkt 8.3.5 i føresegner.

5.6 Miljøtiltak

Tiltaket omfattar flytande konstruksjon for hamn for fritidsbåtar, og bryggekonstruksjonar vil ha eit tilknytnings- og adkomstpunkt til land. Vidare er det plan å bearbeide området rundt adkomstpunktet for å auk bruksverdien som rekreasjonsområde. Alle tiltaka er reversible, og ingen krever terreng- eller landskapsinngrep ut over det heilt beskjedne.

5.7 Samferdsel

Trafikkarealet vil vere som det er i dag, men med nytt gangareal til ny Nå Båthamn. På kaia vil det verte stenging/sperring ift servering utandørs, men inga nye areal for tilkomst eller endra køyremønster. Vekster vil i det heile verta satt i potter, då grunnen her ikkje høver for noko anna.

5.7.1 Veg og tilkomst

Veg og tilkomst vil vera som det er i dag, men med nytt gangareal til ny Nå Båthamn.

Det er planlagt å nytte eksisterande avkøyrsl frå Fv550. Denne er oppgitt å ha ein trafikkbelastning på 726 ådt, som ansjåast som relativt beskjedent. Frå denne avkøyrsla fører det veg ned til kaiområdet, og til etablert parkeringsplass. Det er i dag nyttetraffikk ned til kaien, - til fruktlageret, butikk, og sporadisk levering/ henting av varer frå båt.


I ny situasjon vil det vere varelevering også til dei 3 bygga på kaien, restaurant, siderhus og turistinformasjon. Det vil også vere trafikk med levering til båthamna. Personlevering til enkeltbåtar vil skje ned til søndre del av kai, der varer må setjast av og fraktast vidare til båt til fots.

Trillevogner for varer vil kunne oppbevarast i søndre del av bygg 3. Adkomst for låning og henting av båtar må skje frå søndre del av kai, eller ved området nord for BKB1.

5.7.2 Parkering - bil

Det er gjort vurdering av trafikk- og bilparkeringsbelastning som fylgje av nye funksjonar. Vurdering er gjort ved samanlikning av liknande prosjekt. Vurderte tal går fram av tabell under.

Det er vidare gjort ei vurdering av område for parkering. Parkeringsområdet som ligg vest for småbåthamna tilfredsstillar nødvendig parkeringsdekning for dei ulike formåla. Dette området ligg utanfor aktuelt planområde og inngår i reguleringsplan Nå sentrum, planid: 12312002002, men er svært aktuelt mtp. adkomst og beliggenhet ift. formåla det skal dekke parkeringsbehov for. Området har rom for 28 plassar, med mogeleg utviding til 31 dersom rastebord vert flytta ned til FRI01, og plassen vert såleis optimalisert. Det er gjort registrering av bruk i mars, som viser at 3-7 plassar var nytta. Dette vil sjølvstøtt variere over årstid, med sommar som klart større belastningsperiode.



Figur 26: Utsnitt av illustrasjonsplan viser aktuelt parkeringsareal

Vurdering som kjem fram av tabell viser at makstimetrafikk vil ligge på ca. 35 bilar fordelt på dei ulike funksjonane. Det må likevel også reknast noko frådrag som fylgje av at bilar ikkje er parkert samtidig. Det kan difor leggjast til grunn at parkeringsdekning på 31 biloppstillingsplassar er tilfredsstillande ved å ta i bruk parkeringsareal som ligg utanfor planområdet, sjå figur 26. Før områda BSB, og BKB1,2,3 blir teke i bruk skal det foreligge ein juridisk bindande avklaring i.h.t. tilstrekkeleg areal til parkering. Det skal ikkje bli gitt bruksløyve før alle tiltak i alle føremål oppfyller dei juridisk bindande krava. I føresegnar punkt 3.1 er det sett krav om 14 parkeringsplassar for område BSB, altså for dei som benytter seg av småbåthamna. Tabellen syner at trafikkbelastning ved tiltak vil dekkjast med parkeringsareal vest for småbåthamna. Dette arealet er utanfor aktuelt planområde, men har i dag kommunal bruksrett og vil brukast som parkeringsareal for aktivitetar innanfor aktuelt planområde. Det skal etablerast bilparkeringsplassar, som er tilrettelagt for HC-parkering.

Nå båthamn - vurdering av trafikkbelastning ved tiltak							
aktivitet	antal	eining	belegg %	erf. tal bilturar pr. eining	bilturar pr. døgn	makstime andel %	bilturar i makstime = maks parkering
SUM							31(35)
båtplassar	40	stk	50	2	45	30	14
restaurant og servering	400	m2_ pr. 100m2	100	0,10	40	12	5
overnatting	10	m2_ pr. 100m2	50	2	10	50	5
butikk	400	m2_ pr. 100m2	50	0,20	40	25	10
fritidsaktivitetar	700	m2_ pr. 100m2	50	0,04	14	30	4

Figur 27: Skjema for trafikkbelastning

5.7.3 Parkering - båt

Antall båtar som kan leggje til kai er vurdert ut frå formål og kapasitet. Området for kai SK kan nyttast av fritidsbåtar, lettare fraktbåtar og turisttrafikk. Kapasitet for antal båtar som kan leggje til kai er vurdert til 1 passasjerbåt og 1 lettare fraktbåt. Bestemmelsesområde innanfor kaiområdet skal nyttast for gåande og ålmenn ferdsel. Området kan nyttast av fritidsbåtar og turisttrafikk.

5.7.4 Varelevering og atkomst for store køyretøy

Trafikkarealet vil vere som det er i dag, men med nytt gangareal til ny Nå Båthamn.

5.7.5 Gangtraseer og snarveger

Nytt gangareal opparbeidast fram til Nå Båthamn frå eksisterande kaianlegg og badestrand.

5.7.6 Kollektivtilbud

Kollektivtilbud vil vere som det er i dag.

5.8 Universell utforming

Det er i dag god tilkomst til planområdet med offentleg veg og gangveggar ned på kaia. Innaføre planområdet er parkeringa godt ivaretatt, dette med fleire merka felt halde av til handikapparkering. Av- og påstiging for funksjonsnedsette er også tilrettelagt nede på kaia med trinnfri tilkomst til siderhuset og restauranten. Det skal også opparbeidast nytt gangareal frå kaianlegget og bort til Nå Båthamn. Adkomst til småbåthamna skal koplast til landfundamentet ved ledda bru som fangar opp tidevassforskjell. Portar og gjerder er ikkje tillete i område for småbåthamn. Denne passasjen er tilgjengeleg for ålmenta og er universelt utforma ihht. TEK 17, §8.

5.9 Vassforsyning- og avløp

I følge hovudplanen har Nå nytt avlaupsanlegg med slamavskiljar datert til 2011. Anlegget er plassert på nedsida av hovudvegen og nord for butikk/fruktlager. Slamavskiljar mottok avlaupsvatn frå bustader ovanfor veggen og skule og verksemder på nedsida av veggen.

Det eksisterande anlegget for vatn og avløp på staden vil verte brukt vidare for siderhuset og kafé/restaurant. Det vert i tillegg lagt opp til at Nå Båthamn skal ha tilgang til vatn, og inneber ei omlegging av eksisterande vassleidning. Handtering av overvatn vil vere som i dag.

Det er i dag eit samansett bilete av vass- og avløpssituasjon. Det kjem relativt ny vatntilførsel frå sør langs FRI01 langs sjø nordover til kai. Denne skal ha god kapasitet. I tillegg til dagens bruk, skal det i ny situasjon dekkja vassuttak til båthamn, og til ny bruk i BKB3 og BKB2 på kaien.

Frå dagens butikk-bygg er det avløp til septiktank og frå denne avløp til sjø. Det er også avløp brunt vatn som går til sjø. Det er ikkje teke opp i denne planen å gjera endringar i denne situasjonen.

Det er etablert kloakkpumpe aust for fruktlagerbygningen mot sjø, som er kopla til offentleg anlegg. BKB1 på kaien er allereie kopla til dette systemet. Det er planlagt å også kople BKB2 og BKB3 til dette systemet.

Til førstegangsbehandling av alle reguleringsplanar skal det inngå rammeplan for vatn, avløp og overvatn (VAO-rammeplan). Planen skal vise prinsipp-løysing for vatn og avløp i området i samanheng med eksisterande system. VAO-rammeplan skal godkjennast før reguleringsplan blir godkjent. Ved detaljprosjektering av teknisk plan skal ein syne og sikre uttak for sløkkevatn i samsvar med VAO-rammeplan og gjeldande byggtknisk forskrift.

Det er utarbeida ein forenkla VAO-rammeplan av Joakim Måkestad v/Ullensvang Entreprenør AS, sjå vedlegg «06 VAO-rammeplan Naa Båtlag - 07.05.24», samt kapasitetsberekning av Nå vassverk, sjå «06 Kapasitetsberekning Nå vassverk 16.05.24».

Den forenkla VAO-planen tek omsyn til løysingar for overvatn, avløp og sløkkevatn. Det er i planen konkludert med at tiltaket med båthamna ikkje endrar overvass-situasjonen i dette området. Det er avløp ikkje lagt opp til eige toalett for båthamna. Toalett-løysing vil vere ved eksisterande Spar butikk og med god kapasitet. For branndekning til båthamna er det lagt til grunn at sjøvatn skal nyttast. Det er vidare opplyst i planen at det skal lagast avtale om tilkopling til det private vassnettet med ein mindre hageslange til kaianlegget. Sjå vedlegg «06 VAO-rammeplan Naa Båtlag - 07.05.24».

VAO-planen omtalar ikkje område i planen i nordre del av reguleringsplanen. Ved eventuelle tiltak her på seinare tidspunkt må ein ivareta eksisterande kommunal slamavskiljar og flaumveg. Dette er sett som ein del av føresegner, sjå punkt 8.4.3.

Kapasitetsberekninga viser berekning av kapasitet ved levering frå privat vassverk, Nå Vassverk og konkluderer med at det er tilstrekkeleg mengde som passerer med ein 100mm Sdr 17-pn100.

Denne har etter berekning 32 liter i sekundet kapasitet, og det vil vere god kapasitet til å la båtlaget koble seg på denne med ein 22mm hageslange. Det ligg ein kum ca 35 meter frå der tiltaket kjem, der det vil verta gjeve løyve til påkobling.

5.10 Renovasjon

Alle løysingar skal vere avklart gjennom teknisk plan før rammeløyve av tiltak. Renovasjonsløysing er etablert nord for BKB1, og dekkjer i dag behovet for dette bygget. Det er vurdert også kunna dekkja behovet for BKB2 og BKB3. Kapasitet er vurdert til 5 behaldarar a 240 l, til saman 1200 l. For båthamna er det lagt renovasjonspunkt vest for adkomst ned til kaien. Her er kapasitet vurdert til 6 behaldarar a 240 l, til saman 1440 l.

Det er god plass og enkel manøvreringsmoglegheit for hentebil ved begge punkt. Løysing er lagt inn på plankart og illustrasjonsplan.

Det vil bli etablert ein miljøstasjon for sortering av alt avfall for kafé/restaurant samt Nå Båthamn i tilknytning til tilkomsten til siderhuset. Her er det sett av plass for varebilar og bossbilar for sikker av- og pålessing og der mogelegheitene for å snu er gode.

Innanfor bestemmelsesområde på kai for renovasjon skal det leggast til rette for kjeldesortering i 5 fraksjonar. For renovasjonspunkt i det nordlegaste bestemmelsesområdet skal det leggast til rette nedgraven renovasjonsløyning. Nedkasta her skal ver tilgjengelege for rørslehemma. Bestemmelsesområdet lengre sør skal nyttast til oppstillingsplass for avfallscontainerar. Renovasjonsbil skal ha tilkomst for henting frå sørleg punkt, og tømning frå nordleg punkt.

Miljøoppfølging

Det er ikkje planlagt båtpuss eller anna virksomhet som krever spesielle miljøoppfølgingstiltak. Generell aktsomhetsplikt til forurensningsforskriften vert ivarettatt i føresegner. Her er det beskrevet at renovasjonsanlegg skal handtere avfall og miljøfarleg avfall jf. Forurensingslova

5.11 Energiløysninger

Det eksisterande anlegget på staden vil bli brukt vidare, for å legge opp til at Nå Båthamn får ha tilgang til landstrøm for lading, vedlikehald og moderat belysning.

5.12 Risiko og sårbarhet – avbøtande tiltak

I tilknytning til reguleringsplanarbeidet er det utført ein analyse av risiko og sårbarheitsforhold. ROS-analysen byggjer på kunnskapen som ligg føre om planområdet og arealbruken der.

Sjå vedlegg: ROS-analyse, datert den 05.12.2023

Analysen er gjennomført i samsvar med rettleiar frå dsb (Samfunnssikkerhet i arealplanlegging), rettleiar for PBL, NS 5814:2008, og overordna mal for risiko og sårbarheitsanalyse for Bergen kommune med eiga sjekklister.

Sannsynlighet:	K1	K2	K3	K4	K5
S5	7 (nedbør), 11 (kulturminne), 23 (vold/trussel), 34 (støy/støv), 36 (forurensing i sjø/vassdrag), 41 (radon), 48 (trafikkulykker)	23 (vold/trussel), 41 (radon), 47: Større trafikkulykke (land, sjø og luft), 48: (Ulykke i av- og påkjørsler), 36 (forurensing i sjø/vassdrag)			
S4	6 (vind), 23 (terror)	6 (vind)			
S3		1 (steinsprang / masseras/leirskred), 2 (snøras), 4 (elveflom/tidevann sflom/stormflo/flodf ølgje)	50 Ulykke mellom badande og båttrafikk		

S2					
S1					

Figur 28: Tabell - Matrise for risikovurdering med hendelsesnummer

- Hendelser i røde felt: medfører uakseptabel risiko. Kommunen er forpliktet til å gjennomføre risikoreducerende tiltak av forebyggende eller konsekvensreducerende karakter.
 - Hendelser i gule felt: forplikter kommunen seg til å gjennomføre tiltak for å redusere risikoen så mye som mulig.
- Hendelser i grønne felt: vil hendelser ha akseptabel risiko, men risikoreducerende tiltak skal gjennomføres når det er mulig ut fra økonomiske

Gjennomgangen av risikofaktorane viser at planen generelt ikkje er risikoprega. Det generelle risikobildet viser 9 hendingar med middels risiko:

1: Steinsprang/masseras/områdeskred av kvikkleireleirskred

2: Snøras

4: Elveflom/tidevannsflo/stormflo/flodbølge

6: Vind

23: Vold/trussel

36: Forurensing i sjø/vassdrag

41: Radon-gass

47: Større trafikkulykker (land, sjø og luft)

48: Ulykker i av- og påkjørsler

50: Ulykke mellom badande og båttrafikk

Tiltaket krev ingen terreng- eller landskapsinngrep utover det heilt beskjedne, og forholda vurdert i ROS-analysen vil ikkje bli påverka vesentleg av reguleringsendringa. Tiltak for å redusere risiko og skade er beskrive i ROS-analysen.

I skredfarevurdering av Norges Geotekniske Institutt (NGI) konkluderer med at «Bygg på område P1 ligger trygt for skred med sannsynlighet 1/5000 som er kravet til sikkerhet for bygg i sikkerhetsklasse S3, angitt i TEK17§7.3.». Det er vidare utarbeida ei vurdering av sikkerhetsklasse som tiltaket ligg under, både sett i lys av flodbølgesituasjonen i Sørfjorden og ved skred. Vurderinga framgår i dokument «Forenkla konsekvensutreiing» og konkluderer med at ei total vurdering av tiltaket både i lys av flodbølgesituasjonen i Sørfjorden og skredfare viser at dei fell under sikkerhetsklasse S2. Tiltak som ligg innanfor sikkerhetsklasse s3 er ikkje tillete.

Vurderinga baserer seg på følgjande tabell:

BYGG 1					
	timar	snitt pers pr. time	totalt ant pers	sum pers i døgnet	snitt pers /time
sommarhalvår					
periode døgnet kl					
0-10	10	10	100		
10-13	3	20	60		
13-17	4	30	120		
17-21	4	30	120		
21-24	3	10	30		
				430	18
vinterhalvår					
periode døgnet kl					
0-10	10	10	100		
10-13	3	15	45		
13-17	4	20	80		
17-21	4	20	80		
21-24	3	10	30		
				335	14
Årleg snittbelastning				per time	12

BYGG 2					
	timar	snitt pers pr. time	totalt ant pers	sum pers i døgnet	snitt pers /time
sommarhalvår					
periode døgnet kl					
0-10	10	0	0		
10-13	3	20	60		
13-17	4	30	120		
17-21	4	30	120		
21-24	3	10	30		
				330	14
vinterhalvår					
periode døgnet kl					
0-10	10	0	0		
10-13	3	15	45		
13-17	4	20	80		
17-21	4	20	80		
21-24	3	10	30		
				235	10
Årleg snittbelastning				per time	12

BYGG 3					
	timar	snitt pers pr. time	totalt ant pers	sum pers i døgnet	snitt pers /time
sommarhalvår					
periode døgnet kl					
0-10	10	0	0		
10-13	3	25	75		
13-17	4	35	140		
17-21	4	35	140		
21-24	3	15	45		
				400	17
vinterhalvår					
periode døgnet kl					
0-10	10	0	0		
10-13	3	15	45		
13-17	4	25	100		
17-21	4	25	100		
21-24	3	10	30		
				275	11
Årleg snittbelastning				per time	14

SMÅBÅTHAMN					
	timar	båttbelastning	snitt pers pr. time	totalt ant pers	sum pers i døgnet
Rekna kun sommarhalvår					
periode døgnet kl					
0-10	10	0 båtar	0	0	
10-13	3	5 båtar	10	30	
13-17	4	10 båtar	20	80	
17-21	4	10 båtar	20	80	
21-24	3	0 båtar	0	0	
					190
Årleg snittbelastning				per time	8

Figur 29: utsnitt frå utrekning av personbelastning ved nye tiltak

I vurderinga om personbelastning ved tiltaket er det utført ei utrekning for gjennomsnittleg personopphald for kvart at bygga, samt småbåthamna som inngår i tiltaket. I utrekninga er det lagt til grunn eit ulikt antal menneske for kvar time i døgnet ved ulike sesongar, eit døgnet for sommarhalvåret og eit for vinterhalvåret.

BKB1 har fleire personar ila døgnet då det legg opp til at dette kan nyttast til overnatting for inntil 10 personar.

P1 omfattar planområdet for Nå Båthamn. Bygg på område P1 ligg trygt for skred med sannsynlegheit 1/5000 som er kravet til sikkerhet for bygg i sikkerhetsklasse S3, angitt i TEK17§7.3. Resultata frå tabellen viser at gjennomsnittet av utrekninga er under 25 personar i per døgnet. For at eit tiltak skal kunne plasserast i sikkerhetsklasse S2, skal det normalt opphalde seg maksimum 25 personar jf. pbl § 28-1, jf. TEK17 § 7-3, §7-4. **Ei total vurdering av tiltaket viser at dei fell under sikkerhetsklasse S2** både sett i lys av flodbølgjesituasjonen i Sørfjorden og ved skred.

5.12.1 Marin grense

Planområdet ligg under marin grense. I område under marin grense kan ein ikkje utelukke førekomst av kvikkleire. NVE rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred» skildrar i kapittel 3.2 ein prosedyre for korleis tilstrekkeleg tryggleik mot områdeskred av kvikkleire kan dokumenterast. Denne rettleiaren er teken i bruk for å utgreie og avklare fare for områdeskred av kvikkleire.

Ullensvang Entreprenør har utarbeida eit geoteknisk notat med grunnlag i blant anna grunnundersøkingar utført av Statens Vegvesen i området i forbindelse med planlagte utfyllingar i sjøen for nytt vegareal. Notatet konkluderer eintydig med at det er tilstrekkeleg sikkerheit mot områdeskred.

Notatet og konklusjonen er formidla til NVE og blitt aktsomhetsvurderinga etter prosedyren er 03.11.23 akseptert av senioringeniør geoteknikk ved seksjon for skred, Toril Wiig, som uttaler følgjande:

«Konsulenten som har utarbeidet rapporten for prosjektet og som konkluderer med at det er tilstrekkelig sikkerheit mot områdeskred, har benyttet disse eksisterende grunnundersøkelsene som grunnlag for sin konklusjon. Det har de mulighet til. Det er konsulenten som må avgjøre om de har tilstrekkelig kunnskapsgrunnlag for å trekke sine konklusjoner, og her har de vurdert at eksisterende tilgjengelig informasjon er tilstrekkelig. Aktsomhetsvurderingen (steg 1-3 i prosedyren) er dermed utført og dokumentasjon av tilstrekkelig sikkerhet i henhold til TEK17 kap 7-3 mht kvikkleireskred er avklart.»

Planføresegnene har vidare sett avbøtande tiltak forbod mot å etablere bygningsmasse for tiltak i tryggleiksklasse S3 innanfor planområdet.

Anna avbøtande tiltak er føresegn for planområdet som set krav om at område med fare for skred og flodbølge som følgje av er det ein føresetnad for bygging og bruk av bygningar og anlegg at det til ein kvar tid ligg føre ein tilfredsstillande beredskapsplan knytt til evakuering av bygningar og anlegg og terminering av drift skal vere innarbeidd og synleggjort i overordna plan i regi av ansvarlege myndighet.

5.12.2 Omsynssoner

Areal som ikkje støttar krava til tryggleik i TEK17 § 7-3 gjeldande ras- og skredfare, er innarbeida i plankartet som omsynssone H310 Ras- og skredfare. Føresegnene skal sikre tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad. H310 nyttast til å markere område utanfor P1. Til omsynssona er det gitt føresegn med forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3.

Omsynssone H310_1 Flodbølge etter fjellskred markerer at planområdet er utsett for denne faren. Til omsynssona er det knytt føresegn med forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S3.

6 Planprosess og medverknad

Planprosess er i hovudsak gjennomført slik:

05.12.2018	Forhåndskonferanse
05.06.2020	Oppstartsmøte
09.09.2020	Det ble vedtatt krav om KU
11.11.2020	Varsel om oppstart ble sendt til naboer og offentlige/private instanser
13.11.2020	Kunngjort i avis «Hardanger folkeblad»
07.06.2021	Merknadsmøte, June Kvandal
21.09.2021	KU- ferdigstilt
15.02.2022	Levering til 1.gongs handsaming

KUNNGJERING OM OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID

Med heimel i Plan- og bygningslova § 12-3 og § 12-8 vert det varsla om oppstart av detaljregulering for:

NÅ BÅTHAMN, gnr.155 / bnr. 19. M.fl. PlanID 46182020008

Området er i dag regulert. I gjeldande reguleringsplan sett av til friområde (Fri02), bustad, forretning, kontor B/F/K. I Kommuneplanen sin arealdel er området avsett til friområde. Planarbeidet er unnateke planprogram, men utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Forslagstillar **Naa Båtlag** ynskjer å starta detaljregulering for Nå Båthamn. Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for etablering av småbåthamn i sjø, samt bygg for servering, overnatting, informasjon/ Siderhus på eksisterande kai. Planområdet har en storleik på ca. 7 daa og ligger ved Nå sentrum.

Planområdet er som vist på kart:

Plankonsulent er:
Fortunen arkitektur AS
Munkebyggen 1 5004 BERGEN
www.fortunen.no

Aktuelt planmateriale er lagt ut på nettsidene:
- www.ullensvang.kommune.no -
www.fortunen.no

Spørsmål til planarbeidet kan rettast til Fortunen arkitektur as ved sivil ark Nils Johan Mannsåker e-post: 53366600.


Merknader og uttalelser Merknader og uttalelser til planarbeidet kan sendast skriftlig til: Fortunen arkitektur AS e-post: arkitekter@fortunen.no tlf: arkitekter@fortunen.no

Frist for merknader og uttalelser er sett til **21.12.2020**

Naboar, grunneigarar og offentlege mynde vert varsla direkte.

Alle dokumenter, merknader og liknande som vi tek i mot vil fylgja planforslaget når dette vert sendt til **FORTUNEN** Ullensvang kommune for handsaming og vedtak.

ARKITEKTUR



Figur 30: Kunngjering i avis

6.12 Krav om konsekvensutredning?

I kommuneplanen til tidlegare Ullensvang Herad er aktuelt område i sjø sett av til friluftsområde. I 2008 var det utarbeida kommunedelplan for kystsona i Ullensvang Herad. I kystsoneplanen er det

sett av område for mellom anna friluftsområde og småbåthamn. På Nå er det ikkje åpna for småbåthavn. Kommunen vurderer at planlagde tiltak fell inn under Vedlegg II nr.12 bokstav b: lystbåthavner, sjå figur under.

A. Planer og tiltak		B. Ansvarlig myndighet og lov(er) behandlingen er knyttet opp til
12. TURISME OG FRITID		
a)	Hoppbakker, skianlegg og skiheiser, taubaner og tilknyttet utbygging.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
b)	Lystbåthavner.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
c)	Feriebyer, hotellkomplekser utenfor bymessige områder og tilknyttet utbygging.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
d)	Permanente campingplasser.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
e)	Tempaparker, herunder golfbaner o.l.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.

Figur 31: Utsnitt frå lovdata. Forskrift om konsekvensutredning

Kommunen vurderer at planen har ein avgrensa storleik, at lokalisering og påverknad på omgjevnadene ikkje vil føre til vesentleg verknad for miljø eller samfunn. Likevel er planlagde tiltak ikkje i tråd med overordna plan, noko kommunen vurderer kan føre til vesentleg effekt for miljø og samfunn. Kommunen anmodar difor å utarbeide konsekvensutredning, men ikkje planprogram.

7 Konsekvensutgreiing

Det er gjennomført ei forenkla konsekvensutgreiing, vedlegg «06 Forenkla konsekvensutgreiing rev. 05.12.2023» i høve med utarbeiding av Reguleringsplan for Nå Båthav, gnr. 155, bnr. 19. Utredninga tek føre seg moglege konsekvensar ved planforslaget for etablering av småbåthamn i sjø, samt bygg for servering og overnatting på eksisterande kai.

Krava til innhaldet i konsekvensutredning framgår av kapittel 5 i KU-forskriften. Det generelle kravet som gjelder for alle konsekvensutredningar står i § 17 i føresegna. Der § 17 første ledd siste punktum seier: «*Konsekvensutredningens innhold og omfang skal tilpasses den aktuelle planen, og være relevant for de beslutninger som skal tas*».

Konsekvensutgreiinga konkluderer med at tiltaket vil bidra til ei generell opprusting av planområdet. Det vil auke bruksverdien som offentleg rekreasjonsområde og fungere som eit ålment tilgjengeleg tiltak som vil styrke lokalmiljøet. I sin heilskap og i nøye vurdering kjem det nye tiltaket til å tilføre meir verdi enn det antakast å forverre og i sin heilskap ha ein positiv verknad på miljø og samfunn.

8 Verknader og konsekvensar av planforslaget

Tiltaket er avgrensa i storleik, planområdet er ca. 7.0da. Det er eksisterande kaianlegg i tilknytning til planlagt anlegg. Det er også fritidsbåttrafikk i samband med naustrekkjer både nord, - og sør for planlagt tiltak. Tiltaket representerer såleis ei utviding av eksisterande funksjonar, ikkje eit heilt nytt føremål.

8.12 Overordna planar

I kommuneplanen til tidlegare Ullensvang herad er aktuelt område i sjø sett av til friluftsområde. I 2008 vart det utarbeidd kommunedelplan for kystsonen i Ullensvang herad.

I kystsoneplanen er det sett av område for mellom anna friluftsområde og småbåthamn. På Nå er det ikkje opna for småbåthamn. Ullensvang kommune vurderer at planlagde tiltak i detaljreguleringsplan for Nå båthamn ikkje er i tråd med overordna plan, då det aktuelle området er avsett til friluftsområde i kommuneplanen frå 2012 og kommunedelplan for kystsonen frå 2008.

Kommunen vurderer at planlagde tiltak fell inn under Vedlegg II nr. 12 bokstav b: lystbåthavner. Dette er eit tiltak som skal vurderast nærare, og som skal konsekvensutgreiast om det kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn.

8.12.2 Eksisterande reguleringsplaner

Planområdet har ein storleik på ca. 7 daa og er i reguleringsplanen satt av til føremålet «Friområdet, FRI 02» der friområdet inneheld strandsone til offentleg rekreasjon.

Tiltaket omfattar flytande konstruksjon for hamn for fritidsbåtar, og vil vera festa til land på noverande friområde «Friområdet, FRI 02». Vidare er det plan å bearbeida området rundt adkomstpunktet for å auka bruksverdien som rekreasjonsområde. Det kan ikkje gjerast tiltak i området som gjer den allmenta bruken ringare.

8.13 Byform og arkitektur

Tiltaka som er foreslått innanfor planområdet er i avgrensa grad nye bygningar. Det er foreslått nye bygningar på kaien mellom to eksisterande bygg. Desse er ulike i karakter, - det eine utforma som kai-skur, det andre er opprinneleg kombinert bustad og butikk, som er flytta til kaien. Ny bebygging skal stå fram som ei formmessig formidling mellom desse to bygningane.

8.13.2 Estetikk

Bebygging på kaien vil stå fram som ei samla fasaderekkje motfjorden, og skal få ei utforming som respekterer dette. Båthamna er eit lågt, flytande anlegg, som først og fremst vil framstå som ei samansett mengde båtar. Det skal ikkje etablerast portar og gjerder på land eller i samband med rampe ned til flytekaia for at tiltaket ikkje begrensar seg til nokre, men er tilgjengeleg for ålmenta.

8.14 Levekår og folkehelse

Miljøet rundt badevika og friluftsområdet skal nyttas av og vere open for ålmenta. Området er i dag mykje brukt av folk i alle aldrar, men spesielt av barn og unge, både på fritid og i skulesamanheng. Det er ein sterk tanke med etablering av båthamn at lokalsamfunnet skal styrkast. Båthamna skal organiserast som eit grannelag. Området vil og gje tilkomst til Nå Båthamn, med fritidsbåtar og gjestebrygge. Hamna kan også nyttas for fising med stang samt bading og stuping fra bryggekant. Vidare er det plan å bearbeida området rundt adkomstpunktet for å auke bruksverdien som rekreasjonsområde.

8.15 Uterom

Arealet skal ikkje nyttast til privat opphaldsareal, men skal vera open og tilgjengeleg for ålmenta. Dette grunnar i nærleik til badeplassen, parkarealet med benkar og bord og at båteigarane kan vera «kven som helst».

Nå Båthamn vil vere festa til land på noverande friområde. Båthamna vil ha ein U-form, der opninga er vendt mot nord, vekk frå badeområdet, og ein skjermar dermed badevika mot trafikk av båtar. Portar og gjerder er ikkje tillete i område for småbåthamn, slik at tilkomst til hamna vil være open og tilgjengeleg for ålmenta.

Nede på kaia finn vi i dag stort sett lagerbygningar, men planane er å skape eit senter for mat og kultur, oppleving og fritid. Utvikling av kaiområdet skal gjera området meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta.

8.16 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert nokon særreigne, verneverdige kulturminne innanfor planområdet, men i nærområda rundt tiltaket er det registrert fleire arkeologiske enkeltminne, samt bergkunst. Området rundt Nå sentrum inneheld ein del bygningar oppført før 1900, med krav om meldeplikt ved ombygging eller riving. Tiltaket vil ikkje få konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø.

8.17 Blågrøne verdiar og infrastruktur

8.17.2 Samanhengande blågrøn struktur

Tiltaket er lagt i fjorden, med tilkoplingspunkt til land kun ved gangrampe frå kaimur ved grøntområde. Tiltaket rører ikkje eksisterande grønstruktur, og gir auka tilgjenge for ålmenta til sjøkontakt og det marine livet. Formålsgrænse avsett til næring og tjenesteyting er trukket vekk frå møtet mellom land og sjø slik at planen tek omsyn til 100-metersbeltet langs sjøen, særleg mtp. natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmente interesser jf. pbl. § 1-8 første ledd. Strandsona utgjer ein viktig del av den blågrøne strukturen og dei planlagde tiltaka er utarbeida med vekt på å styrke den ålmente tilgangen for friluftsliv, rekreasjon og landskapsopplevelser. I tillegg vil dei kunne vere med på å styrke staden sin særpreg og identitet.

8.17.3 Jordressursar

Tiltaket rører ikkje jordressursar på Nå.

8.17.4 Naturmangfald

Det er ikkje registrert sårbare verdiar i området. Det kan difor ikkje reknast at tiltaket vil gje konsekvensar for naturmangfaldet i området.

Alle tiltaka er reversible, og ingen krevjer terreng- eller landskapsinngrep ut over det heilt beskjedne.

8.18 **Rekreasjon og friluftsliv**

Det er mange turstiar opp frå Nå og området langs fjorden. Dei fleste går opp i høgda med god utsikt over Sørfjorden og fjella austaføre. Her er og gamle ferdselsveggar til fjells som er framtreddande kulturmiljø i nasjonal samanheng. Nå sentrum er direkte knytt til sjøen med badeplass, kaianlegg og flytebrygge. Delar av området er regulert til friområde, Fri02, og lagt til rette for bruk av eksisterande naturområde med naturleg sandstrand. Ved busstoppet i Nå sentrum er det etablert parkanlegg og rasteplass. Her er det god parkeringsdekning og flott utsikt over fjorden. Området er mykje brukt av folk i alle aldrar, men spesielt av barn og unge, både på fritid og i skulesamanheng.

Området vil og gje tilkomst til Nå Båthamn, med fritidsbåtar og gjestebrygge. Hamna kan også nyttas for fisking med stang samt bading og stuping fra bryggekannten. Vidare er det plan å bearbeide området rundt adkomstpunktet for å auke bruksverdien som rekreasjonsområde.

8.19 **Sosial infrastruktur**

8.19.2 Skule og barnehage

Tiltaka påverkar ikkje skule- og barnehagesituasjon.

8.19.3 Annan sosial infrastruktur

Tiltaka er vurdert å styrke rekreasjons- og opplevingstilbodet ved Nå sentrum.

8.20 **Barn og unges interesser**

I høve med oppstart av reguleringsplan vart Vikebygd skule kontakta for ei tilbakemelding i forhold til korleis planområdet blir brukt av barn og unge i dag.

Kari Åkre og elevrådet på Vikebygd skule skriv:

«Vikebygd skule nyttar badestranda og området rundt jamnleg heile året.

1.-2. klasse har utedag ein dag i veka, då nyttar dei området rundt Grindabygget og heile øra, heilt sørover mot Nå Auto. Kaiområdet nord for badestranda vert av og til nytta til fisking med stong.

Resten av skulen nyttar òg dette området til enkelte utedagar t.d. "mat og helse"- aktivitetar og "Juni-skule".

Elles nyttar barn og unge området mykje på fritida, då spesielt i sommarhalvåret. Det er rundt buskuret ved butikken og ned til øreområdet dei oppheld seg mest. Då syklar dei rundt butikkområdet, ved Steinparken og ned til kai/øre. Eldre ungdom brukar benkar nede ved skur på kaiområdet til sitjeplass(bygning ved kai merka med kryss på planutsnitt). Dette gjeld stort sett

sommartid. Sommartid er Grindabygget nytta til opphaldsstad, som bytterom til bading og stad for å grille på bålpanna. Flytebrygga rett utanfor kaiområdet sør er mykje brukt. Borna hoppar frå "molokanten" og sym ut til brygga.

Elevane melder at dei er nøgd med området på Nå, men kommenterer at ei gjestebrygge og eit stupetårn er noko som hadde gjort området enda meir attraktivt».

Båthamna vil vere eit berikande supplement til friluftslivet på sjøen, og gjere området enda meir attraktivt for lokalbefolkninga og besøkand. Området vil og gje tilkomst til Nå Båthamn, med fritidsbåtar og gjestebrygge. Hamna kan også nyttast for fiske med stang, samt bading og stuning frå bryggekannten. Vidare er det plan å bearbeide området rundt adkomstpunktet for å auke bruksverdien for barn og unge.

Barnas representant i kommunen, Ingvild S. Nilsen, er orientert om planforslaget.

8.21 Samferdsel og mobilitet

Trafikkarealet vil vere som det er i dag, men med nytt gangareal til ny Nå Båthamn. Inga nye arealar for tilkomst eller nye køyremønster.

8.21.2 Adkomst og veg

Det er i dag god tilkomst til planområdet med offentleg veg og gangveggar ned på kaia. Det opparbeides inga nye arealar for tilkomst eller nye køyremønster, men av- og påstigning for funksjonshemmede blir tilrettelagt nede på kaien. Av/påkjørseler til Fv 550 har god og lang frisiktsone, og fartsgrensa er satt til 40 km/t på denne staden. Dette tar vekk dei største farane for ulykker i krysset. Tiltaket kan generere en økning av tilreisende i forbindelse med båthavnen og siderhuset, men det konkluderes med at trafikale forhold vil vera dekkjande for behovet.

8.21.3 Parkering

Arealet vest for parken har parkeringsareal og vert nytta vidare til dette føremålet. Her er det plass til 31 p-plassar. Tiltaket kan generere en økning av tilreisende i forbindelse med båthavnen og siderhuset.

8.21.4 Trafikksikkerheit

På kaia vil det verta stenging/sperring ift servering utandørs, men inga nye arealar for tilkomst eller nye køyremønster. Vekstar vil i det heile verta satt i pottar, då grunnen her ikkje høver for noko anna. Det vil bli etablert en miljøstasjon for sortering av alt avfall for kafe/resturante samt Nå Båthavn i tilknytning til adkomsten til Siderhuset. Her er det avsatt plass for varebiler og bossbiler for sikker av- og pålesing og der snumulighetene er gode.

Overingeniør, Eva Sundal, i seksjon for forvaltning, utgreiing og geodata ved avdeling for infrastruktur og veg i Vestland Fylkeskommune er engasjert for å gi ei vurdering av trafikksikkerheit for tilkomst til området.

Plankartet viser sikktrekantar i avkøyrsla frå fylkesveg. Her fins det i dag eit rekkverk som potensielt kan vere sikthindrande. Det er gjennomført befarig på staden av overingeniør Eva Sundal, og konkludert med at rekkverket ikkje tek nemneverdig sikt og ikkje treng å fjernast eller flyttast.

Fartsgrense i primærveg fv. 550 er 40 km/t og det er i tillegg fartsdemparar før og etter krysset. Det er heller ikkje manglande sikt bort til fotgjengarovergangen i nord.

Det er likevel observert ein reklameplakat og blomsterkasser montert på rekkverket som kan verke sikthindrande og som vil bli fjerna av eigar.

8.21.5 Kollektivtilbud

Kollektivtilbud vil vere som det er i dag.

8.21.6 Mjuke trafikanter

Nytt gangareal opparbeidast fram til Nå Båthavn fra eksisterande kaianlegg og badestrand. Denne passasjen er tilgjengelig for allmennheten og er universell utformet.

8.22 Vassforsyning og avløp

Det eksisterande vann og avløpsanlegget på staden vil verta brukt vidare for Siderhuset og kafe/resturante. Det leggst i tillegg opp til at Nå Båthavn skal ha tilgang til vann, og innebærer ein omlegging av eksisterande vannledning. Overvannshåndtenring vil være som i dag.

8.23 Energi og klima

Tiltaket omfattar flytande konstruksjon for hamn for fritidsbåtar, og bryggekonstruksjonar vil ha eit tilknytnings- og adkomstpunkt til land. Alle tiltaka er reversible, og ingen krever terreng- eller landskapsinngrep ut over det heilt beskjedne.

Det eksisterande anlegget på staden vil verta brukt vidare, for å leggs opp til at Nå Båthavn får ha tilgang til landstrøm for lading, vedlikehold og moderat belysning.

8.24 Universell utforming

Det er i dag god tilkomst til planområdet med offentleg veg og gangveggar ned på kaia. Innaføre planområdet er parkeringa godt ivaretatt, dette med fleire merka felt halde av til handikapp parkering. Av- og påstigning for funksjonshemmede er også tilrettelagt nede på kaien med trinnfri tilkomst til siderhuset og resturante. Det skal også opparbeidast nytt gangareale fra kaianlegget og bort til Nå Båthavn. Denne passasjen er tilgjengelig for allmennheten og er universell utformet. Det skal etablerast bilparkeringsplassar, som er tilrettelagt for HC-parkering.

8.25 Risiko og sårbarhet – konsekvenser

Forholdene vurdert i ROS-analysen vil ikkje verta vesentleg påverka av reguleringsendringen. Alle forhold som er vurdert til å innebære risiko stiller krav til avbøtande tiltak. Planforslaget vil dermed ikkje føre til større risiko. Dei som skal leve og bo her vil oppleve området som meir forutsigbart og trygt når området er ferdig tilrettelagt.

8.26 Juridiske og økonomiske konsekvenser for kommunen

Det fins ingen juridiske eller økonomiske bindingar for Ullensvang kommune knytta til dette planforslaget.

8.27 Konsekvensar for næringsinteresser

Etablering av bygg for servering, overnatting, informasjon og Siderhus vil forbetre og styrke næringsinteresser på Nå. Tilbodet kan bidra til meir aktivitetsskaping og involvering som følgje av at fleire menneske tiltrekkjast staden.

8.28 Konsekvensar for naboar

Tiltaket vil ikkje vere til hinder for naboar når det gjeld utsikt, innsyn eller sollys. Tiltaket kan generere ei auke i støy som ei følgje av auka bruk av båthamna, rekreasjonsområdet og siderhuset. For å unngå mykje støy på kveldstid, skal et vurderast å innføre regulerte opningstider for serveringsstad som tek sikte på å begrense dette. Etablering av ny Nå båthamn ansjåast som eit positivt tilskod til området. Miljøet rundt badevika og friluftsområdet skal nyttas av og vera open for ålmenta. Det er ein sterk tanke med etablering av båthamn at lokalsamfunnet skal styrkast. Båthamna skal organiserast som eit grannelag.

Området vil og gje tilkomst til Nå Båthamn, med fritidsbåtar og gjestebrygge. Hamna kan også nyttas for fising med stang samt bading og stuping fra bryggekannten. Vidare er det plan å bearbeida området rundt adkomstpunktet for å auka bruksverdien som rekreasjonsområde.

Eksisterande bebygging på kaia skal utviklast til bygg for servering, overnatting, informasjon/ Siderhus på eksisterande kai, utvikling av kaiområdet med intensjon om å gjere området meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta.

8.29 Støy

Seniorrådgjevar i akustikk ved Brekke og Strand Akustikk AS, gitt ein konkret fagleg vurdering av støylast som følgje av planlagt nybygg og småbåthamn.

Potensielle støykjelder for utandørs støy knytta til nybygg kan blant anna vere frå næringsvirksomhet i området.

- SPAR-butikken
- Siderhuset OLA K
- Nå Fruktlager
- Båtanløp frå Siderbåten

Aktivitet ved eksisterande skipshall utover anløp frå Siderbåten er ikkje kjent. Truleg er dette meir sporadisk trafikk.

Frå næringsvirksomheten elles kan det forekomme støy frå kjøleenheter, ventilasjon, publikum, arrangement, musikk i restaurant/uteservering og liknande som mogleg kan gi støysjenanse for etablering av ny bustad.

Støylast som følgje av etablering av småbåthamn er det erfaringsmessig lite klager på støy. Det er heller ikkje regulert gjennom eigne retningslinjer eller forskrifter.

Køyning til og frå foregår ofte i roleg tempo, men auka aktivitet kan gi mir hurtiggåande småbåttrafikk utanfor sjølve båthamna.

Vidare har Ullensvang Entreprenør gjort ei vurdering av støylast som følgje av ny småbåthamn. Oppsummert seier vurderinga:

Foreslått reguleringsplan for Naa Båtlag er støyvurdert.

Støy frå småbåthamner har ikkje eigne grenseverdiar, men er vurdert etter grenseverdiar for 'Øvrig industri'. Støy frå vegtrafikk på ny tilkomstveg er berekna og vurdert. Støy frå aktivitetar ved djupvasskai er også kommentert.

Det er mogleg at støy frå båttrafikk på dagar med mykje aktivitet kan overskride grenseverdien for støynivå på kveld, men det er antekje at dette berre vil skje begrensa antal dagar i året og bør ikkje utløyse krav om støytiltak.

Støy frå vegtrafikk overskrider ikkje tilråda grenseverdiar.

Støy frå aktivitetar ved djupvasskai vil sannsynlegvis ikkje overskride tilråda grenseverdiar, men vi foreslår punkt til føresegnene til reguleringsplanen.

Aktivitetar ved djupvasskaien vil sannsynlegvis ikkje overskride grenseverdiar, men etter anbefaling frå Ullensvang Entreprenør er det beskrive i føresegner punkt 3.1, at aktivitetar ved djupvasskaien og eventuelle hjelpeaggregat på båtar ved kai ikkje skal vere i drift om mellom 23.00-07.00. Dette gjeld også andre aktivitetar som er støyskapande.

8.30 Brannsikkerhet

I samråd med lokalt brannvesen, Ullensvang brann- og redning er det gjort ei brann- og redningsfagleg vurdering av risiko for brann og behov for beredskapstiltak som er nødvendige.

Aktuelle brannstasjoner for planområdet er lokalisert i Odda og Utne, med ca. 23 km avstand. Det er berekna ca. 28 minuttar (forspenningstid på 5 minuttar) før brannvesen vil vere framme ved båthamna ved ein eventuell nødssituasjon.

Odda stasjon er ein deltidstasjon med eit mannskap på 5 stk på ukevakt heime + 1 innsatsleiar. Jer er det 5 vaktlag + 2 vikarer og 4 innsatsleiere. Det vil sei 31 stk totalt. Tilgong på mannskapsbilar er 2 stk med 3000 liter vasstank i kvar og 1 tanktbil med 10 500 liter vatn. I tillegg har Odda stasjon båt i beredskap (Pioner á 17 fot).


Utne stasjon har eit mannskap på 12 stk utan vaktordning og 1 mannskapsbil med 3000 liter vasstank + ein småbil. Vanntankbil frå Odda brannstasjon vil kunne vere på plass etter 30 min med 11,5 m³. Brannbilen treng 3 meter bredde, heile døgnet.

Det skal jf. byggeteknisk forskrift, TEK17, § 11-17 leggest til rette for rednings- og slokkemannskap.

Før rammeløyve skal det være ein plan for tilgong på slokkeutstyr for eigeninnsats jf. byggteknisk forskrift, TEK17, § 11-16 om tilrettelegging for manuell slokking.

Før igangsetting av tiltaket skal det gjerast branntekniske tiltak, samt vere ein klar plan for evakuering. Tilgjengelighet for nødetater skal tilretteleggast og slukkevannskapasitet må vere tilfredstilt. Det skal være tilrettelagt for sjøsetting av brannvesen sin brannbåt i nærleiken av båthamna. Like nord for planområdet er det kaiskran for båtløft som tilrettelegger for sjøsetting. Dette er vist i utsnitt av illustrasjonsplan.

Kvar båtplass har ein avsett plass på 3,5 m x 8,0 m. Dette er vurdert av lokalt brannvesen som tilstrekkeleg god avstand med omsyn til branntryggleik.



Figur 31: Utsnitt av illustrasjonsplan viser båtkran på kai mot nord.

8.31 Interessesmotsetningar

Ingen konsekvensar.

9 Avsluttande kommentar

Forslagsstillar Naa Båtlag ynskjer å starte detaljregulering for Nå Båthamn. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for etablering av småbåthamn i sjø for opptil 40 båtar, samt bygg for servering, overnatting, informasjon/siderhus på eksisterande kai, utvikling av kaiområdet og å gjere området meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta.

Føremålet har som hensikt å bidra til ei generell opprusting av planområdet. Plassering og utforming skal gjerast slik at funksjonar i lokalsamfunnet vert berika av det, og sørge for at negative konsekvensar vert minimert. Tiltaka skal ha god tilpassing til terreng og bygningane rundt, med særlege omsyn til plassering, utforming og eksponering i landskapet. Miljøet rundt badevika og friluftsområdet skal nyttast av og vera open for ålmenta. Området er i dag mykje brukt av folk i alle aldrar, men særleg av barn og unge, både på fritid og i skulesamanheng. Dei planlagde tiltaka vil auke bruksverdien av området som offentleg rekreasjonsområde, opne opp for ein betre, ålmenn tilgong til sjøkontakt og det marine livet. Det vil vere eit rikt tilskot som vil styrke lokalmiljøet. I sin heilskap og i nøye vurdering vil dei nye tiltaka tilføre meir verdi enn det antakast å forverre og i sin heilskap ha ein positiv verknad på miljø og samfunn.